



Lars og Øystein Haugland:-Her skulle fyrsteslåtten ha vore unnagjort

Den kalde og tørre vinteren har fått store konsekvensar for bøndene også i Uskedalen.

Lars Haugland opplysar til Kvinnheringen at fyrsteslåtten ikkje vil bli teken før i starten av august på dei ødelagte engene. Store beløp går tapt og Haugland har til dømes handla frø for 41 000 kroner.

Store deler av grasmarka hans har visna bort. Ved påsketider sådde han 70 mål med engrø men ein måned seinare måtte han så 20 mål til. No er fyrste mål å berga avlinga for vinteren.

Fleire bønder får berre 70 prosent av normal avling.